



Interkommunalt
politisk råd

Nord-Gudbrandsdal

SKJÅK LOM VÅGÅ SEL DOVRE LESJA

Årsmelding 2024



Innhold

1. Forord	3
2. Satsningsområde 1 – ARBEIDSPASSAR	4
2.1. Felles nærings samarbeid i Nord-Gudbrandsdalen	4
2.1.1. Styrk Sel – Internship Gudbrandsdalen	4
2.2. Utdanning og fagopplæring	5
2.2.1. Karriere Innlandet Gudbrandsdal	5
2.3. Universitetsregionen i Nord-Gudbrandsdal - målsetting, resultater og oppfølging	8
2.4. Gudbrandsdalstinget 2024	9
2.5. Økonomisk støtte til kulturbasert næringsutvikling	11
2.6. Kommunal tenesteutvikling	12
2.6.1. Smart Velferdsregion	12
2.6.2. Digital heimeoppfølging	12
2.6.3. Folk med medfødte eller tidleg erverva funksjonsnedsettingar	13
2.6.4. Innolab	14
2.6.5 Kompetanse	15
3. Satsningsområde 2 – KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR	16
3.1. Nasjonal Transportplan 2025-2036	16
3.2. El-fly	17
3.3. Status breiband Nord-Gudbrandsdalen 2024	18
4. Satsningsområde 3 – ATTRAKTIVITET	21
4.1. Arbeid og bustad	21
4.1.1. Boligtorget i Nord-Gudbrandsdal	21
4.1.2. «E æ aktiv, æ du?»	22
4.1.3. Stillingsleppet og Læringsleppet/Jobbmesse	23
4.1.4. Styrka frivilligheit i Nord-Gudbrandsdal	25
4.1.5. Fysisk Aktiv Læring	27
4.2. Ung i Nasjonalparkriket	28
4.2.1. Elevbedriftsmesse	29
4.2.2. Ungdomsmusikalen Nord-Gudbrandsdal	30
4.3. Medlemskap i nettverk	31
4.3.1. Fjellnettverket	31
4.3.2. Ungt Entreprenørskap	31
4.3.3. HelseINN	31
5. Regionalt samarbeid	32
5.1. Administrative samarbeidsorgan	32
5.2. INSAM	33
5.3. Interkommunalt samarbeid	34
6. Økonomiske nøkkeltall	35
6.1. Økonomi og bemanning	35
6.2. Partnerskapsmidler	36
7. Råd og utval	37
7.1. Representantskapet 2024 - 2027	37
7.2. Regionstyret	38

1. Forord

Interkommunalt politisk råd (IPR) Nord-Gudbrandsdal starta året med ein prosess for rekruttering av ny dagleg leiar for IPR. Frode Damstuen slutta 1. juli etter å ha vore dagleg leiar sidan 2017. Tidlegare arbeidet Frode som regional næringsutviklar, og han har til saman 17 års teneste ved regionkontoret.

Ivar Vistekleiven tok over som dagleg leiar 1. september, og den første utfordringa var å rekruttere to nye medarbeidarar som erstatning for regionkonsulent Kristin Haave, som gjekk av med pensjon, og prosjektleiar Dag Erik Pryhn. Kristin Haave hadde arbeid ved regionkontoret i 12 år. Vidare vart det starta ein rekrutteringsprosess til prosjektstillinga som praksiskoordinator.

Vi ønsker Irene Karin Pedersen Nystuen velkommen som ny regionkonsulent. Marita Aaheim går frå å være midlertidig prosjektleiar til stillinga som innovasjonsrådgjevar, med ansvar for INSAM og innovasjonsarbeid innan helse og meistring. Randi Merethe Randen tiltrer i en treårig prosjektstilling som praksiskoordinator, der ho vil bidra til gode praksisforløp innan helseutdanningar.

Sjølv om mykje kompetanse har gått ut frå Regionkontoret i løpet av året, har vi, med stor vilje og innsats, lykkast med kompetanseoverføring.

Vi vil takke fylkeskommunen, Statsforvaltaren og kommunane for et godt samarbeid i driftsåret 2024. Dette har vore viktig for at vi kan seie oss godt fornøgde med resultatane.

Regionrådsleiar og dagleg leiar håpar at årsmeldinga gjev eit godt inntrykk av aktiviteten.

Den framtidige skule- og tilbudsstrukturen har vore ein krevjande sak, men representantskapet klarte å samle seg om ein uttale til Innlandet fylkeskommune.

Andre politiske saker som har hatt fokus i meldingsåret, er:

- Innlandsstrategien 2024–2028
- Ny samarbeidsavtale med fylkeskommunen
- Ny fireårig strategisk plan for 2025–2028
- Handlingsplan for 2025
- Innspel til NTP 2025–2036
- Prosess rundt felles innkjøpsamarbeid
- Organisering av Regiondata
- Etablering av felles beredskapskoordinator
- Strømnett og kraftsituasjon

Beredskapsarbeidet har på kort tid vorte eit svært aktuelt tema, og regionalt samarbeid for å stå sterkare rusta på dette området har fått stor merksemd i regionen.

Harald Sve Bjørndal
Regionrådsleiar

Ivar Vistekleiven
Dagleg leiar

2. Satsningsområde 1 – ARBEIDSPASSAR

2.1. Felles nærings samarbeid i Nord-Gudbrandsdalen

Næringsapparatet i Nord Gudbrandsdalen har eit tett samarbeid på tvers av kommunegrensene innanfor næringsutvikling og bulyst/tilflytting.

Den overordna målsettinga er å styrke Nord-Gudbrandsdalen som ein attraktiv tilflyttingsregion og eit attraktivt etableringsområde for både eksisterande og nye bedrifter. Dette vil vi gjere gjennom å styrke arbeidet knytt til næring og tilflytting basert på eit meir utstrekt, forpliktande og målretta samarbeid.

Nord Gudbrandsdalen er eit stort geografiske område som strekker seg frå Otta og innover to ulike dalstrøk. Det er derfor lett at næringsansvarleg i kvar kommune blir drege inn i interne prosjekt og at det blir jobba for lite på tvers av kommunegrenser. Samarbeidet inkluderer også regionadministrasjonen.

Statistikken viser oss at Nord-Gudbrandsdalen fungerer som ein felles

arbeids- og bustadregion, sjølv om det er delt inn i seks kommunar og det går eit dele mellom dei to dalstrøka. Vår region er ein utkant i det nye Innlandet og dette har forsterka behovet for å tenkje nytt innanfor næring- og samfunnsutvikling. Nord-Gudbrandsdalen scorar allereie dårleg på nasjonale statistikkar og befolkningstala/syssestellingstala går nedover. Vi ser at konkurransen om merksemd i både næringsetablering og tilflytting er stor, og vår region blir sterkt prega av både sentralisering og fråflytting.

Næringsmedarbeidarane i kommunane er viktige ressursar for å gjennomføre tiltak som er vedteke i regionrådets strategiplan.

2.1.1. Styrk Sel – Internship Gudbrandsdalen

Internship Gudbrandsdalen, som vart starta opp i 2023, vart vidareført sommaren 2024.

Målet med ordninga har vore tredelt: nyttig for studenten, som òg blir kalla intern, verdiskapande for arbeidsgjevar, og studentane skal bli gode ambassadørar for regionen.

I 2024 deltok 20 studentar fordelt på 13 arbeidsgjevarar. Både studentar og

arbeidsgjevarar gav svært gode tilbakemeldingar på ordninga. Nokre av studentane som deltok i 2024, har fått fast arbeid der dei hadde sitt Internship.

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal har gitt økonomisk bidrag til tiltaket.

2.2. Utdanning og fagopplæring

2.2.1. Karriere Innlandet Gudbrandsdal

Karriere Innlandet Gudbrandsdal er ett av ni karrieresenter i Innlandet fylke, med kontorsted på Otta og Vinstra. Karrieresentrene er fylkeskommunens satsing på videregående opplæring og karriereveiledning for voksne, og er et partnerskap mellom Innlandet Fylkeskommune, kommunene i regionen og NAV.

Fakta om senteret

Vi er i dag:

Lene Jevnheim leder, Svanhild Krukhaug Vatn, Lars Petter Nyhus, Grete Lille seter, Inger Lise Widme, Ann-Birgit Skomakerstuen og Marlaug Elda Dokken.

Oppgaver

- Karriere- og studieveiledning
- Videregående opplæring for voksne
- Koordinering, utvikling og styrking av utdannings- og yrkesveiledning i grunnopplæringen.
- Tilrettelegging for fagskole/høyere utdanning.
- Nettverksutvikling og registrering av kompetansebehov.

Regionalt Kompetanseforum

Ivar Vistekleiven er leder av Regionalt kompetanseforum for Nord-Gudbrandsdal.

Forumet har følgende medlemmer:

- Kristin Undseth, rektor Nord-Gudbrandsdal videregående skule
- Pål Bertil Eide, representant for kommunene
- Ellen Persvold, Karriere Innlandet
- Lene Jevnheim, Karriere Innlandet Gudbrandsdal
- Merete Olstad Sylte, NAV
- Jarleif Haugen, NAV
- Ingvill Høgvoll, Opplæringskontoret Gudbrandsdal
- Mari Grasbakken, Midt-Gudbrandsdal næringsforening

Regionalt kompetanseforum er styringsgruppe for karrieresenteret. I 2024 har utvalget hatt 3 møter.

Sentrale saker i 2024

- Kompetansetiltak for lokalt næringsliv og kommuner
- Alternative opplæringsmodeller frem mot fagbrev
- Fleksibel og desentralisert fag- og høyskoleutdanning
- Integrering og opplæring av flyktninger

Studieaktivitet i 2024

YRKESFAG

65 voksne over 25 år har avlagt fagprøve i perioden. De fleste kandidatene som har avlagt fagprøve i sitt fag har hatt veiledning/opplæring hos Karrieresenteret. De fordeler seg kommunevis slik.

SEL	19
VÅGÅ	14
LOM	12
DOVRE	8
LESJA	7
SKJÅK	5

Fagprøvene fordeler seg på 24 sluttkompetanser

Salgsfaget	10
Helsearbeiderfaget	10
Yrkessjåførfaget	6
Gjenvinningsfaget	5
Renholdsoperatørfaget	4
Barne- og ungdomsarbeiderfaget	4
Kokkfaget	3
Tømmerfaget	3
Byggdrifterfaget	2
Elektrikerfaget	2
Anleggsmaskinførerfaget	2
Bilfaget, lette kjøretøy	2
Betongfaget	1
Murerfaget	1
Energimontørfaget	1
Anleggsrørleggerfaget	1

Platearbeiderfaget	1
Energioperatørfaget	1
Rørleggerfaget	1
Ambulanséfaget	1
Landbruksmaskinmekanik faget	1
Banemontørfaget	1
Industriell matproduksjon	1
IKT-servicefaget	1

Mange voksne innbyggere i regionen benytter seg av tilbudet om teoriopplæring i grupper/ klasser i regi av karrieresenteret. Vi tilbyr også veiledning/individuell oppfølging for å ruste voksne innbyggere til å ta fagbrev på egenhånd.

Vi har i 2024-2025 tilbud i "Service - og administrasjonsfaget" med 12 deltakere og "helsearbeiderfaget" med 20 deltakere.

I tillegg til dette tilbyr vi introduksjonskurs i renholdsoperatørfaget i kombinasjon med yrkesrettet norskopplæring. På dette kurset deltar minoritetspråklige fra Nord- og Midt-Gudbrandsdal.

I skoleåret 2024 har vi oppstart med modulstrukturert opplæringsløp, og har startet opp med 10 deltakere på helsefagarbeider og har også individuell oppfølging av deltakere på innenfor blant annet fagene salg, renhold og ernæringskokk.

Byggdrifterfaget er et fag vi ved Karriere Innlandet Gudbrandsdal tilbyr for hele Innlandet fylke, som har undervisning på teams, kombinert med noen fysiske samlinger. I 2024 hadde vi 17 deltakere her, herav også noen døler som bringer nyttig kunnskap tilbake til kommunene de arbeider i. Å lære seg å arbeide på slike flater gir oss kunnskap til å kunne levere raskere og bedre til flere.

Vi har hatt en rekke enkeltoppdrag rettet mot veiledning slik som små fag som steinfag, bilfag, og fag innen anleggsvirksomhet.

GENERELL STUDIEKOMPETANSE

Karrieresenteret tilbyr seks fag (norsk, matematikk, naturfag, engelsk, samfunnsfag og historie). Tilbudet er organisert på ulike måter i fagene som blir tilbydd, og noe av undervisningen er samarbeid med andre Karrieresenter i fylket.

Det er **19** personer fra Nord-Gudbrandsdalen på fellesfag skoleåret 2023-2024.

FAG- OG HØGSKOLEUTDANNING

Karriere Innlandet Gudbrandsdal har dette året hatt fokus på å legge til rette for desentralisert etter – og videreutdanning. Fagskolen tilbyr i dag "Demens – og alderspsykiatri" og "Tverrfaglig miljøarbeid innen rus og psykisk helse" der undervisningen i all hovedsak er lagt til Nord-Gudbrandsdal. To solide videreutdanninger på 60 studiepoeng. Det vil høsten 2025 settes i gang en ny runde med "Demens og alderspsykiatri" og det jobbes kontinuerlig med å få på plass andre tilbud innen helsefag.

Fagskolen Innlandet og Karriere Innlandet Gudbrandsdal har i 2024 gjennomført fagskolemodul "Forbedringsprosesser og mellommenneskelig samspill i egen bedrift" på 7,5 studiepoeng. 14 studenter utelukkende fra industribedrifter fullførte utdanningen. Karrieresenteret hadde arbeid med rekruttering og organisering. Alle hadde tilbud om forkurs i IKT fra Karrieresenteret.

Det ble i 2024 reetablert og startet opp desentralisert sykepleierutdanning gjennom universitetet Innlandet. Denne videreføres og det vil starte et nytt kull også i 2025.

Per dags dato er det 11 førsteårsstudenter fra Nord-Gudbrandsdal

STUDIE- OG KARRIEREVEILEDNING

Arbeidsmarkedet er i endring og har behov for fleksibilitet, høyere kompetanse, omstilling og effektivitet. Karrieresenteret tilbyr karriereveiledning og studieveiledning slik at innbyggerne kan ta gode valg om opplæring og arbeid. Dette er et gratis tilbud for alle.

Veisøkerne fordeler seg slik:

Kommune	Antall
Sel	83
Vågå	42
Dovre	15
Lom	11
Lesja	11
Skjåk	13

Interkommunalt politisk råd står som teknisk arrangør for utdelingen av Fag- og Svennebrev. Denne ble arrangert 31. oktober i Otta Kulturhus.



Frå utdelinga av Fag- og Svennebrev. Foto: Lars Nyhus.

2.3. Universitetsregionen i Nord-Gudbrandsdal - målsetting, resultater og oppfølging

Etter ei forprosjektsfase 2017-2019 starta hovedprosjektet opp i 2019 med innleigd prosjektleiing frå Skåppå. Frå oktober 2020 kom det inn tilsett prosjektleiar i full stilling. Prosjektet vart formelt avslutta 31.12.2023, men delprosjekt er vidareført inn i 2024. Prosjektleiaren gjekk av med pensjon frå august 2023. Fram til sommaren 2024 var pensjonert prosjektleiar engasjert på timebasis.

Då prosjektet Universitetsregion Nord-Gudbrandsdalen vart politisk initiert i 2017 vart det lagt til grunn at ei kunnskaps- og innovasjons-drive satsing måtte ha eit tidsperspektiv utover ei prosjektperiode på 3-5 år. I prosjektperioden skulle ein starte bygging av kunnskap, nettverk, regional struktur og ein kultur for innovasjon i det regionale samarbeidet og i kommuneorganisasjonane. Etter prosjektperioden måtte arbeidet vidareførast i ei driftsfase.

Kommunane stadfesta dette premisset ved utløpet av prosjektperioden. Som føresettd held satsinga på styrka innovasjon i det regionale samarbeidet og kommunane fram på permanent basis. Mellom anna er det frå 4. kvartal oppretta ei stilling som innovasjonsrådgjevar ved regionkontoret som skal koordinere den regionale satsinga og støtte arbeidet med innovasjon i kommunane.

Attendemeldingane frå ordførarar, kommunaldirektørar og kommunalsjefar ved prosjektslutt viser at kommunane har fått styrka sin kunnskap om metodisk innovasjonsarbeid og verdet dette har for omstillingsarbeid og rasjonell bruk av tilgjengelege ressursar. Det er i prosjektperioden gjennomført 2 identiske kurs i innovasjonsmetodikk med til saman rundt 40 deltakarar. Andre døme på kompetanseprogram med deltakarar frå våre kommunar, er Innoagent (HelseINN), GNIST (Design og arkitektur Norge – DOGA), Planbussen (NTNU arkitektstudiet) og vektstalsstudiet Tjenestedesign for bedre digitalisering i helsesektoren (NTNU).

Prosjektet har vist at varige gevinstar av ei satsing på innovasjon i små kommunar krev:

- Solid forankring i kommunedirektøren si leiargruppe og involverte tenesteleiarar.
- Synleggjering av ambisjonar og målsettingar for innovasjon i overordna planverk og i økonomiplanen.

- Støtte og tillit frå politiske organ i kommunen.
- Definerings av ein eller fleire "innovasjonskoordinatorar" knytt opp mot kommunedirektøren.
- At ein gjev tid, rom, tillit og støtte til medarbeidarar som initierer og/eller gjennomfører innovasjonsprosessar.
- At ein erkjenner at langt frå alle prosessar gjev ønska resultat og at ein må akseptere prøving og feiling.
- Systematisk søk etter idéar og resultat frå andre kommunar, i forskning og evalueringar.
- Systematisk bygging av nettverk utanfor eigen kommune, jmf. nabokommunar, andre kommunar, verkemiddelaktørar, forskings- og utdanningsinstitusjonar, interesseorganisasjonar, næringsklynger og andre relevante nettverk.
- Systematisk rapportering til og involvering av politiske organ.
- At ein er open for å dele erfaringar med andre.

Den nyoppreta stillinga som innovasjonsrådgjevaren skal koordinere det vidare arbeidet med innovative prosjekter og tilnærmingar i det regionale samarbeidet. Det skal satsast vidare på kompetansebygging og spreiding av erfaringar mellom våre kommunar og frå Kommune-Norge, verkemiddelapparatet og academia inn i vår region. Rådgjevaren får og en funksjon som sekretær for samarbeidet knytt til handboka og viljeserklæringa for vertskommunesamarbeida i regionen forkorta INSAM.

Innovasjonsarbeid er krevjande å prioritere i konkurranse med driftsoppgåver og et vedvarande fokus på kostnadskutt. Det er da viktig å minne om at nye og innovative løysingar er avgjerande skal kommunane kunne levere gode tenester i ei framtid med strammare kommuneøkonomi og aukande utfordringar med å rekruttere og halde på medarbeidarar.

2.4. Gudbrandsdalstinget 2024



Gudbrandsdalstinget

Om Gudbrandsdalstinget

Gudbrandsdalstinget består av politisk valde representantar for kommunane Dovre, Gausdal, Lesja, Lillehammer, Lom, Nord-Fron, Ringebu, Sel, Skjåk, Sør-Fron, Vågå, Øyer og fylkeskommunen.

Statsforvaltaren har møte- og talerett. Det same gjeld kommunane sine kommunedirektørar og fylkeskommunedirektøren. Gudbrandsdalstinget blir gjennomført to gonger i året: om våren og om hausten. Arbeidsutvalet har ansvaret for å førebu saker til møta.

Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet i 2024 bestod fram til 3.10.24 av Hans Olav Sundfør (leiar), Ole Tvette Muriteigen (nestleiar), Anette Musdalslien, Anne-Marie Olstad og Harald Sve Bjørndal.

Mariann Skotte vart på Gudbrandsdalstinget 3.10.24 vald til ny leiar og overtok for Hans Olav Sundfør i AU.

Det har vore gjennomført 10 møte i AU i meldingsåret. Dei fleste møta har vore på Teams, med unntak av to lengre arbeidsmøte 3.10.24 på Gålå og 3.12.24 på Vinstra.

Møte i Gudbrandsdalstinget

12.01.24 på Teams

- Val av leiar og nestleiar
Hans Olav Sundfør (Lillehammer) vart vald til ny leiar av Gudbrandsdalstinget. Ole Tvette Muriteigen (Sør-Fron) vart vald til nestleiar.

13.03.24 på Lillehammer

Orienteringar:

- Om Gudbrandsdalstinget v/Ole Tvette Muriteigen og Anette Musdalslien
- Gudbrandsdalen 2030 og Grønt Gir v/Åsmund Sandvik, Marie Skavnes, Kristin Smågård, Guro Toppen
- Gudbrandsdalen musikkfest v/Vivian Haverstadløkken
- Skule- og tilbudsstruktur i vidaregåande opplæring. Om prosessen v/fylkesordførar Thomas Breen
- Ny rekreasjonsklynge for reiselivet og fritidsbustadsektoren v/ Ole Smidesang og Øyvind Moshagen

Saker:

- Årsmelding og rekneskap for 2023 vart handsama og vedteke.

Uttalar:

Det vart vedteke to uttalar:

- Uttale om inntektssystemet
- Uttale om drosjereforma

Debatt om kva Gudbrandsdalstinget skal vere framover

Hans Olav Sundfør innleidde og varsla at arbeidsutvalet vil bruke litt tid på å diskutere erfaringar, prioriterte saksområde, ambisjonsnivå og samarbeidsformer i Gudbrandsdalstinget fram mot neste ting. Gudbrandsdalstinget har eksistert nokre år og det har vore ei utvikling i samarbeidet. Basert på erfaringane og innspela i debatten, vil AU sy saman eit program for haustens ting der Gudbrandsdalstinget får moglegheit til å gå meir i djupna.

Stikkord frå debatten:

- Oppfølging av handlingsplanen
- Sjå på mandatet – revidere?
- Forankring politisk og administrativt
- Tilhøvet til IPR-ane/regionane
- Møtest sjeldan
- Bli betre på lobbyverksemd
- Få i gang møte med Innlandsbenken
- Fokusere på tema vi har felles interesse for
- Tema som kan inspirere
- Bygge ein felles kultur
- Synlegheit
- Vere meir enn eit organ som vedtek uttalar om ting vi ikkje er nøgde med – snakke om det vi vil få til
- Samarbeid om arrangementsstrategi
- Gudbrandsdalen som merkevare
- Reiseliv
- Energistrategi
- Energiplan
- Innovasjon i kommunane

3.10.24 på Gålå

Orienteringar

- Besøksnæringa i Gudbrandsdalen v/Merethe Sandum, Johannes Nermo, Pål Egil Rønn, May Brit Støve
- Matløftet Innlandet v/Henning Holmbakken, Erik Lagethon og Turid Windjusveen Olsen
- Gudbrandsdalen 2030 v/Åsmund Sandvik, Trond-Erik Eriksen og Kristin Smågård

Uttalar

Det vart handsama og vedteke to uttalar:

- Uttale om ny viltressurslov
- Uttale om behovet for sterkare førebygging av flaum og ras

Saker

- Val
Mariann Skotte (Lesja) vart vald til ny leiar av Gudbrandsdalstinget. Ole Tvette Muriteigen (Sør-Fron) vart attvald som nestleiar.

Gudbrandsdalen 2030

Som i 2022 og 2023, vart det i 2024 arbeidd med handlingsplanen for berekraftig utvikling i Gudbrandsdalen, Gudbrandsdalen 2030. Det meste av arbeidet skjedde administrativt, men det vart gjeve orienteringar i Gudbrandsdalstinget både i mars og oktober.

Fokuset har vore på oppfølging av kommunestyrevedtaka frå våren 2023, der arbeid med felles landbruksplan og felles strategi for grønne innkjøp vart peika ut som prioriterte område.

Gudbrandsdalstingets sekretariat

Av mandatet for Gudbrandsdalstinget går det fram at dei tre regionkontora for Nord-Gudbrandsdal, Midt-Gudbrandsdal og Lillehammer-regionen til saman utgjer sekretariatet for Gudbrandsdalstinget. Ansvar for sekretariatsarbeidet rullerer mellom regionråda med eitt års varigheit.

Rulleringa har vore/er som følgjer:

- Midt-Gudbrandsdal (2022)
- Nord-Gudbrandsdal (2023)
- Lillehammer-regionen (2024)

Økonomi

For 2024 vart det løyvd kr 150.000 frå kvart av dei tre interkommunale politiske råda. IPR Lillehammer-regionen har hatt sekretariatsansvaret i 2024 og har forskottert kostnader knytt til Gudbrandsdalstinget. Rekneskapen for 2024 viser samla kostnader på kr 81.093, som gir ei kostnadsfordeling på kr 27.031 på kvart av dei tre interkommunale politiske råda.

2.5. Økonomisk støtte til kulturbasert næringsutvikling

Søker	Prosjekt/tiltak	Tildelt
Diktardagar	Diktardagar 2024	50 000
Gudbrandsdal Musikkfest AS	Gudbrandsdal Musikkfest 2024	30 000
Gjendesheim AS	Gjendesheim Ferieskole	10 000
Pilegrimssenter Dovrefjell	Kong Eystein av Dovrefjell	20 000
Jon Ole Olstad	Dancing in the wild	25 000
Lesja Bygdemuseum	Etablering av Lesja Scene	20 000
Vågå Ull AS	Ullinsvin Ullfestival	10 000
Ottaløpet	Ottaløpet 2024	10 000
Otta Motorfestival	Motorfestival 2024	50 000
Otta Handels- og Næringsforening	Ottamartnan 2024	50 000
Kultur Companiet	Traktorrock 2024	50 000
Lesja Sau og Geit	Veddrock 2024	10 000
Bjerke Opplevelser	Ungdomscamp Natur og Kultur 2024	15 000
Lesja Dovre Danseteam	Boogie Feets Festival 2024	20 000
Snøheim	Utvikling til naturbasert næring	10 000
Billingen Seterpensjonat	Budeieball	10 000
Sel Teaterlag	Kristinspelet	50 000
Jotunheimen Underholdning	Til og fra Jotunheimen	20 000
Jakupscena	Jakupscena	20 000
Dovrejul	Dovrejul 2024	20 000
Studieforbundet for kultur og tradisjon	TREseminaret 2024	10 000
Fjelleventyret AS	CampUT 2024	40 000
Bjorli Rånå grendeutvalg	Revitalisering av høstmarked på Bjorli	10 000
Bjorli skisenter	Sesongavslutning	10 000
Markens Grøde Lesja	Markens Grøde 2024	30 000

2.6. Kommunal tenesteutvikling

2.6.1. Smart Velferdsregion

Hovudmålet til Smart Velferdsregion er at innbyggjarane i Nord-Gudbrandsdal, uavhengig av alder, funksjonsnedsetting eller bustad, skal motta etablerte velferdsteknologitjenester, der tiltaket er vurdert til å bidra til auka sjølvstendigheit, meistring og tryggleik.

Fokusområda har vore digital heimeoppfølging, samanhengande tenester til barn, unge og vaksne med medfødt eller tidleg erverva funksjonsnedsettingar. Dette er prosjekt som er organisert i den nasjonale helseteknologiordninga og har hatt ekstern finansiering.

I tillegg har det kome eit nytt behov som kommunane i siste halvår av 2024 har starta å

arbeide med – digitalt tilsyn. Det har også gjennom vore fleire aktiviteter knytt til kompetansehevande tiltak retta mot ansatte og innbyggjarar i kommunane.

Kommunane jobbar også med driftsoppgåver knytt til allereie eksisterande teknologi som er implementert i drift, til dømes tryggleiksalarmar, GPS-sporing og medisindispenserar.

2.6.2. Digital heimeoppfølging

Prosjektleder, delprosjektleder og leiar for styringsgruppa Thomas Rannstad Haugen presenterte digitalt heimeoppfølgingsprosjektet i Innlandet hjå Helsedirektoratet i Oslo hausten 2024.



Vågå kommune er søkjarkommune på vegne av 22 kommunar i Innlandet. Prosjektet er forankra i Helsefelleskap Innlandet og er det største samhandlingsprosjektet med Sjukehuset Innlandet i regionen.

Då prosjektperioden starta opp i 2022, var det 18 kommunar som aktivt deltok. No har talet auka til 22 kommunar, inkludert store bykommunar som Lillehammer og Elverum.

Ved oppstart var prosjektet svært diagnosespesifikt, med hovudfokus på KOLS,

hjarde- og karsjukdomar, tidleg demens og lett/moderat depresjon. I løpet av prosjektperioden har det skjedd ei utvikling mot ei meir behovsbasert tilnærming, der digital heimeoppfølging blir vurdert ut frå kva innbyggjarane faktisk har nytte av, uavhengig av diagnose.

Denne endringa inneber at pasientgruppene no omfattar innbyggjarar med høgt forbruk av helsetenester, og inkluderingskriteria omfattar kronisk og langvarig sjuke pasientar. Sjukehuset Innlandet har òg fleire tenesteforløp innanfor digital heimeoppfølging, inkludert søvnapné, barn og unge med diabetes og epilepsi.

Målet er å bruke digital heimeoppfølging for å betre pasientforløpa, sikre tidleg intervensjon og leggje til rette for meir effektiv bruk av helse- og omsorgstenester.

Erfaringar frå prosjektet viser allereie fleire positive gevinstar. Pasientar med digital heimeoppfølging rapporterer om auka tryggleik og betre meistring av eiga helse. Tidleg intervensjon har ført til redusert behov for legevakt og sjukehusinnleggingar. Kommunane ser også gevinstar i form av betre ressursbruk,

auka kapasitet i heimetenestene og meir systematisk oppfølging av pasientane. Dette bidreg til meir berekraftige helsetenester og styrkar samhandlinga mellom kommune- og spesialisthelsetenesta.

Samtidig viser erfaringane at digital heimeoppfølging er ressurskrevjande for små kommunar, då det krev organisering av oppfølginga i kvar enkelt kommune. Difor er det i 2024 utarbeidd eit saksunderlag til 6K helse om å greie ut moglegheita for eit regionalt oppfølgingssenter lokalisert ved det eksisterande responsenteret på LMS Otta. Målet er å unngå tilleggstenester i kvar enkelt kommune og i staden utnytte det regionale samarbeidet for meir berekraftige løysingar.

Arbeidet med digital heimeoppfølging vil videreførast i 2025.

2.6.3. Folk med medfødte eller tidleg erverva funksjonsnedsettingar

Satsinga på heilskaplege tenester for barn, unge og vaksne med medfødt eller tidleg erverva funksjonsnedsettingar har vore eit sentralt område i Smart Velferdsregion i 2024. Prosjektet har vist at det framleis er utfordrande å bryte ned siloar mellom helse- og oppvekstsektoren, men det er etablert gode prosessar for å sikre meir heilskaplege tenester på tvers av fagområde.

Dette arbeidet er ikkje implementert i ordinær drift enno, men kommunane jobbar systematisk med heilskapleg tenestemodell for å sikre tverrfagleg samarbeid og betre koordinering mellom tenester.

Implementering av teknologi har gitt betre moglegheiter for kommunikasjon, struktur og kvardagsmeistring. Det har vore auka fokus på tidleg innsats for å sikre gode overganger mellom barndom, ungdom og vaksenliv.

Dei viktigaste gevinstane som er identifiserte er at betre koordinering av tenestene gir meir samanhengande forløp for brukarane, auka bruk av teknologi bidreg til meir sjølvstende og meistring i kvardagen, og samarbeidet mellom helse-, oppvekst- og utdanningssektoren er styrka, noko som gir meir heilskaplege tenestetilbod. Det er vidare behov for å sikre varig finansiering og forankring av prosjektet i kommunane for å oppnå varig effekt og implementering i drift.

2.6.4. Innolab

Det ble i 2024 inngått ein partnerskapsavtale mellom Sel kommune/6K, HelseINN og Innlandet fylkeskommune. Avtale om bruk av areal, inventar og utstyr ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule vart ferdigstilt.

Innolab har i løpet av 2024 utvikla seg til ein sentral innovasjonsarena for helse- og omsorgstenestene i Nord-Gudbrandsdal. Etter eit omfattande kartleggingsarbeid og dialog med regionale aktørar vart det bestemt å lokalisere Innolaben ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, avd. Otta. Innolab er eit samarbeid mellom Innlandet Fylkeskommune, Interkommunalt politisk råd, HelseINN og kommunane i regionen.

Dette gir ei unik moglegheit til å knyte innovasjon, utdanning og praksisfeltet tettare saman.


Gjennom 2024 har Innolab vore ein viktig ressurs for kommunane i arbeidet med å utvikle og implementere nye tenestemodellar. Innolab har lagt til rette for kompetanseheving, samskaping og testing av nye løysingar i samarbeid med helsepersonell, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og teknologileverandørar.

Gjennom året har Innolab arrangert fagdager, seminar og workshops med fokus på meistringsteknologi, digital helsekompetanse og tenesteinnovasjon.

Samarbeid med vidaregåande skule har styrkt rekruttering og auka interessa for helseteknologiske løysingar blant elevar.

Innolab vart høgtideleg opna 8. mai 2024, med om lag 50 deltakarar. Etter opninga har det vore fleire aktivitetar i Innolab, interne prosessar i prosjekt og/eller kommunar eller hos samarbeidspartnarar. Det har vore jobba med tenesteforløp, testing av nye tenester og teknologi samt kompetanseheving. Det største arrangementet fann stad 2. oktober, då det vart gjennomført fagdag i meistringsteknologi på Innolab. 130 personar meldte seg på i tillegg til 12 leverandørar av meistringsteknologi. KS og Helsedirektoratet har også delteke i Innolab i prosessar ved to høve i 2024.

Samarbeidet mellom kommunane, spesialisthelsetenesta og utdanningsinstitusjonane er styrka, noko som legg grunnlag for meir heilskaplege tenester. Kompetansen om innovasjonsmetodikk og implementering av ny teknologi i helse- og omsorgstenestene har auka, og bidreg til meir målretta utvikling. Engasjementet blant tilsette og innbyggjarar har vakse, noko som har skapt større forståing og aksept for endringar.



*Dagleg leiar i HelseINN, Ingrid Busterud var konfransier på fagdagen om meistringsteknologi i oktober.
Foto: Marita Aaheim.*

2.6.5 Kompetanse

Prosjektteamet har i 2024 vore på to studieturar for å hente inspirasjon og innsikt frå andre kommunar og fagmiljø. Den første turen, i mai, gjekk til bydel Sagene i Oslo for å sjå digital heimeoppfølging i praksis. Det vart òg gjennomført besøk til Eidskog kommune for å lære meir om digitalt tilsyn og til Sollifjellshøgda helsehus i Oslo for å høyre om deira erfaringar med implementering av teknologi i helsetenestene. I tillegg vart Almas Hus i Oslo besøkt for å sjå korleis velferdsteknologi kan brukast for å støtte personar med demens.

Den andre studieturen gjekk til Faglig Forum på Fornebu, der teknologi og endringsprosessar stod sentralt. Desse turane har bidrege til nyttige erfaringar og innsikt i korleis andre kommunar har lukkast med å integrere teknologi i helse- og omsorgstenestene. Aktivitetane i Innolab har òg vore viktige for prosjektteamet i Smart Velferdsregion, både som ein arena for

samskaping, kunnskapsdeling og utprøving av nye løysingar.

Gjennom 2024 har Smart Velferdsregion hatt faste, ukentlege møter med kommunale representantar i prosjektteamet, supplert med om lag fem fysiske samlingar for fordjuping og samarbeid.



Prosjektteamet i Smart Velferdsregion på studietur våren 2024.

3. Satsningsområde 2 – KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR

3.1. Nasjonal Transportplan 2025-2036

Den nye Nasjonal transportplan (NTP) for 2025–2036, som vart vedteken i mars 2024, legg vekt på vedlikehald og forbetring av eksisterande transportinfrastruktur, med særleg fokus på fylkesvegar, skredsikring og tiltak for å redusere forseinkingar på jernbanen. Dette er viktig for å styrkje beredskapen og møte utfordringar knytt til ekstremvær og militær mobilitet.

For Nord-Gudbrandsdal inneber NTP ei stor satsing på Dovrebanen, med investeringar på 10 milliardar kroner, med mål å forbetre jernbanesambandet gjennom regionen.

Innlandet fylkesting har understreka behovet for auka statlege tilskot til fylkesvegane, med forslag om å auke tilskotsordninga med 5 milliardar kroner årleg over 12 år. Dette skal sikre framkome, samfunnstryggleik og trafikktryggleik, noko som er spesielt viktig for beredskapen i regionen.

Vidare prioriterer NTP fullføring av pågåande prosjekt, som bygging av nye tunnelar på Strynefjellet. Dette vil forbetre vegsambandet mellom Austlandet og Vestlandet, noko som er relevant for Nord-Gudbrandsdal.


Samla sett fokuserer NTP 2025–2036 på å styrkje og vedlikehalde eksisterande infrastruktur i Nord-Gudbrandsdal, med større investeringar i både

veg- og jernbanenettet for å sikre betre framkome og beredskap i regionen.

Regionstyret gjennomførte i januar eit dialog- og innspelsmøte med leiar av transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget, Sigbjørn Gjelsvik.

Det vart i dette møte gjeve tydeleg uttrykk for at ein forventar ei heilheitleg utbygging av E6 fram til Otta, og at krysset E6/RV15 er svært utsett for ulykker. Når det gjeld E6 nord for Otta og til Dombås er det strekningsvise utbetringar, og der tiltak i Rosten er prioritert område. I Rosten er det ingen omkøyringsveg.

I samband med uvêret "Hans" vart E6 stengd fleire stadar på grunn av vassmengdene. I beredskapssamanheng er dette ikkje akseptabelt. Fylkesvegar er ikkje dimensjonert og har heller ikkje ein slik standard at dei fungerer til omkøyring.



Dronefoto, Otta sentrum, foto: Smelt Media

3.2. El-fly

Med bakgrunn i tidlegare konklusjonar har ein i 2024 fulgt Widerøe sitt prosjekt for elfly, samt den generelle utvikling, då utan å bruke mykje ressursar. Det siste fordi reell nytte av ny teknologi fyrst kan forventast å kome fram i tid.

Internasjonalt går teknologiutviklinga slik ein har forventa, og det er i dag 4-5 flyprodusentar som arbeider strukturert med elfly og nye teknologiløysingar relevant for vår region. Tidsperspektivet for når tid teknologi er klar for kommersiell bruk er som tidlegare, det vil si frå slutten av 2020-åra og inn i 2030-åra.

Etter oppkjøpet frå Norwegian har Widerøes program for framtidige luftfartsløysingar vorte skalert ned, og no i praksis lagt på is, då som ledd i Norwegian's kostnadstiltak. Nøkkelpersonane i satsinga er gått over i andre roller utanfor selskapet. Sjølv om det er andre initiativ på norsk og nordisk nivå, set dette arbeidet i Noreg noko tilbake, særleg

når det gjeld bruk av slik teknologi som er mest nærliggande for vår region.

Konseptutviklinga gjort i Widerøe sitt program, samt opparbeid kompetanse, er samtidig tilgjengeleg, og ein ser på vidareføring av arbeidet i ny form og regi.


For regionens del anbefalast å fortsette å følgje utviklinga, då for å byggje kunnskap og være i stand til å reagere når moglegheita er til stades.

Dersom det arbeidet som tidlegare vart gjennomført i Widerøe sin regi, reorganiserast på ein gode måte, og får ein innretning relevant for vår region, bør ein vurdere å delta i dette.



Dronefoto, Vågå, foto: Smelt Media

3.3. Status breiband Nord-Gudbrandsdalen 2024



1 Rosa - utbygd, blå i prosess (under utbygging, kontrakt, konkurranse)

Interkommunalt politisk råd har i tett samarbeid med dei seks kommunane sine i fleire år arbeidd målretta mot å få full breibandsdekking. I 2021 vart det frå nasjonalt hald sett opp ei målsetjing om at alle husstandar i Noreg skal ha tilgang til breiband med kapasiteten 100/10 Mbit/s innan utgangen av 2025.

Innlandet fylkeskommune har tilsvarende mål i strategien sin. IPR har avtale med ekstern konsulent om støtte til utarbeiding og koordinering av søknader om offentlig støtte, deltaking i forhandlingar ved konkurransar, planlegging og for-prosjektoppfølgning av pågåande utbyggingsprosjekt. Konsulenten arbeider saman med ein kontaktperson i kvar kommune og rapporterer til dei og dessutan til regionsrådsleiar.

Mottekne offentlege støttemidlar frå 2014 til 2043

Regionen har totalt sidan oppstart i 2014 av den statlege ordninga med støtte til breibandsutbygging, totalt motteke tilsegn om nesten 50 millionar til utbygging. Oppland fylkeskommune og Innlandet fylkeskommune (frå 2020), har tildelt regionen nesten 12 millionar i støtte.

År	Kommune	Fylkeskommunal støtte	Statleg støtte
2015	Alle seks kommuner	Kr 0	Kr 15 300 000
2018	Alle seks kommuner	Kr 3 100 000	Kr 796 983
2019	Alle seks kommuner	Kr 6 000 000	Kr 2 915 455
2020	Sel	Kr 0	Kr 7 224 000
2021	Dovre, Lesja, Vågå	Kr 2 783 830	Kr 6 398 150
2022	Dovre, Vågå	Kr 0	Kr 3 740 000
2023	Dovre, Lesja, Lom, Vågå	Kr 56 632	Kr 2 963 368
2024	Dovre, Lesja, Lom, Sel, Vågå	Kr 0	Kr 9 472 000
Totalt		Kr 11 940 962	Kr 48 809 956

Dekning 2024

Tal som viser dekning i kommunane i 2024 frå Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) er ikkje publisert per januar 2025. Dekning med bakgrunn i tal frå 2023 og det ein veit om

pågåande prosjekt i regionen, viser at estimert dekning 100Mbit/s på kommunenivå 31.12.2024 er:

Kommune	Tilgang eller utbygging 100 Mbit/s ESTIMERTE TAL
Skjåk	99,5 %
Lom	99,7 %
Sel	94,5 %
Vågå	99,7 %
Dovre	99,8 %
Lesja	99,5 %

Det er i hovudsak bygd ut fiber i regionen og dekninga på 1 Gbit/s vil derfor vera tilsvarende.

Status på prosjekt

- Global Connect sitt prosjekt med støtte frå 2019 og 2020 vart ferdig utbygd i desember 2024. Eitt område i Sel kommune og eitt i Lom kommune vart tatt ut av prosjektet i samråd med kommunane. Området i Lom vert lagt ut på ny konkurranse i 2025. Det er ikkje funne løysing for området i Sel enno.
- Prosjekta til Eidsiva Bredbånd med støtte attende frå 2018, har alle vorte ferdige i 2024.
- Eidsiva Bredbånd byggjer ut i Dovre, Lesja og Vågå med støttemidlar frå 2021. To område er ferdig utbygde medan resten har fått ny sluttdato seinast 31.12.2025. Forseinkingar skuldast utfordringar med fellesføring i stolpar eller i jord. Dette har og medført at det har vore naudsynt med omlegging av prosjektplanar.
- Eidsiva Bredbånd har og signert kontrakt på områda som fekk støtte i 2022 og 2023. Her er det utfordringar med få nok oppslutning. Det er seks områder med til saman 83 husstandar.
- Prosjekta med støtte tildelt i 2024, vart lagt ut på konkurranse hausten 2024. Kontraktar på alle med unntak av eitt av områda, vert inngått etter forhandlingar.

Vidare planar

Det står att svært få husstandar og verksemdar i regionen som det per i dag ikkje er konkrete planar for. Dette gjeld blant anna området i Sel kommune som vart teken ut av Global Connect sitt prosjekt. IPR planlegg å senda søknad om

breibandsstøtte til Innlandet fylkeskommune i 2025 til utbygging til husstandane og verksemdene som framleis ikkje har tilbod om 100 Mbit/s sjølvsgd under føresetnad av at desse er godkjende for støtte.

IPR meiner at Nord-Gudbrandsdalregionen har høve til å nå målet om eit tilbod på 100 Mbit/s (om ikkje tilbodet er der per 31.12 så er det under utbygging) til alle innbyggjarane sine innan 2025.



Foto: Quaritsch Photography

4. Satsningsområde 3 – ATTRAKTIVITET

4.1. Arbeid og bustad

4.1.1. Boligtorget i Nord-Gudbrandsdal

Kva er Boligtorget Nord-Gudbrandsdal?

Boligtorget i Nord-Gudbrandsdal er ei offisiell Facebook-gruppe som er administrert av Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal. Her kan dei som ønsker å selje eller leige ut ein bustad, og dei som er på utkikk etter ein stad å bu, enkelt koma i kontakt med kvarandre.

Kvifor Boligtorget Nord-Gudbrandsdal?

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal arbeider aktivt med å gjere det enklare for tilflyttarar og andre å oppfylle bustadtraumen sin. Målet er at det skal bli enklare å finne seg ein stad å bu i Nord-Gudbrandsdalen.

Kven kan bruke Boligtorget Nord-Gudbrandsdal?

- Alle som har, eller kjem til å ha ein bustad til sal eller leige i Nord-Gudbrandsdalen
- Interessentar som er på utkikk etter å kjøpa eller leige ein bustad i Nord-Gudbrandsdalen
- Meklarar som formidlar bustader i Nord-Gudbrandsdalen
- Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal og kommunane i Nord-Gudbrandsdalen kan leggje ut informasjon om ledige tomter

Korleis bruke Boligtorget Nord-Gudbrandsdal?

- Finn «Boligtorget Nord-Gudbrandsdal» på Facebook og meld deg inn i gruppa
- Viss du skal selje/leige ut: Opprett ein post med informasjon om kva slags eigedom det er snakk om, dato for overtaking, prisforslag, plassering og informasjon om tilstand. Ei bustadannonse vekker nysgjerrigheit og er beskrivande for eigedomen. Det er tilrådd å leggje ved gode bilde av objektet som skal seljast/leigast ut
- Det er greitt å leggje ut om ein berre vurderer å selja eller leige ut
- Om du ynskjer å kjøpe/leige bustad: Lag ein post som beskriv kva du er på jakt etter, prisklasse, ynskje om beliggenheit, og ynskje om dato for flytting/overtaking
- Det er tillatt å dele bustad/tomte-annonsar fra Finn.no på gruppa



Dronebilde, Lesja. Foto: Smelt Media

4.1.2. «E æ aktiv, æ du?»

Prosjektet starta opp i 2013 og har som mål å få etablert eit varig aktivitetstilbod for born og ungdom med ulike funksjonsnedsettingar og som treng tilrettelagt aktivitet.

Dette er eit aktivitetstilbod for ungar og ungdom i Nord-Gudbrandsdal med spesielle behov, og som fell utanfor anna organisert aktivitet. Gruppa organiserer aktivitetsdagar, der målgruppa er barn og ungdom opp til 26 år i Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Dovre og Lesja.

Prosjektet skal skape eit aktivitetstilbod for barna og ein møteplass for pårørande i alle 6 kommunane. Foreldre/føresette og sysken har difor også vore invitert med på aktivitetsdagane. Målet er at alle får ei positiv oppleving i eit fellesskap.

I 2024 arrangerte gruppa fire aktivitetar. Jamt over har det vore godt oppmøte på aktivitetane, noko som tydeleggjer at tilbodet er populært, kjent og etablert for målgruppa. I 2024 ble det færre aktivitetar enn før. Vi prøvde ein ny aktivitet i 2024 som vart vellykka. Dette var en aktivitetsdag på Lalm med kjelkehockey, curling og litt annet. Gruppa arbeider aktivt med å nå

nye deltakarar både ved direkte kontakt, via samarbeidspartar og annonsering på Facebook.

I tillegg til aktivitetar, blir det arrangert temakveldar for foreldre/føresette. I 2024 skulle vi hatt en temakveld på Aktivitetshuset Otta med tema "Snart voksen". Men dette vart dessverre avlyst då det var for få påmelde.

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal har ansvar for oppfølging og leing av prosjektet. Det er etablert ei styringsgruppe der det er foreldre til barn med spesielle behov, helsesjukepleiarar og kommunefysioterapeutar frå alle kommunane som deltek.

Gruppa ynskjer å takke Interkommunalt politisk råd for støtta vi mottek.

I 2024 vart desse aktivitetane planlagt arrangert:

18. februar	Aktivitetsdag på Lalm
1. september	Utedag saman med DNT Gudbrandsdal
16. oktober	"Snart voksen" – kurs på Otta
10. november	Bading i Skjåkhallen

Styringsgruppa:

Elisabeth Lunde	Skjåk kommune
Anita Nyhus	Forelder Skjåk
Sivert Jonassen	Lom kommune
Hege Bestum	Vågå kommune
Kjersti Sørhaugen	Sel kommune
Cecilie Asp	Forelder Sel
Ingvild Haugom/ Elin Beate Galstad	Dovre kommune
Aasta K. Bjorli	
Bjørverud	Lesja kommune
Stian Høglie	Interkommunalt politisk råd Nord- Gudbrandsdal



Foto: Smelt Media

4.1.3. Stillingsleppet og Læringsleppet/Jobbmesse



Målet med stillings- og læringsleppet er mellom anna å trekke til seg og behalda fleire innbyggjarar i Nord-Gudbrandsdal. Bidra til at bedrifter og kommunale verksemder får auka marknadsføring/synlegheit rundt stillingane sine, og dermed fleire søkarar. Synleggjere mangfaldet i arbeidslivet i Nord-Gudbrandsdal og bidra til at det blir satt fokus på lærlingplassar og yrkesfagutdanning.

Stillings- og Læringsleppet og jobbmessen vart arrangert torsdag 8. februar. I løpet av dagen vart det gjennomført fleire aktivitetar på Otta. Dagen starta med Arbeidslivsdag for elevane på Nord-Gudbrandsdal Vidaregåande skule, med elevaktivitetar og informasjon frå åtte opplæringskontor og næringsapparatet i regionen. Etter det var det direktesending og nedteljing til Stillings- og læringsleppet, som også vart vist på storskjerm i kultursalen.

Mellom kl. 12.00 – 14.00 vart det gjennomført Jobbmesse i regi av NAV, der 28 lokale bedrifter deltok. Mange jobbsøkjjarar og komande lærlingar møtte opp, og vi observerte mange gode samtaler rundt borda.

For å marknadsføra arrangementet i sosiale medium brukte vi Smelt Media frå Vågå. Dei fekk oppdraget etter en anbudsrunde.

I 2024 lyste vi ut 500 ledige jobbar gjennom Stillingsleppet og 55 læreplassar gjennom læringsleppet.

Sommarjobbar utgjør størsteparten av dei ledige stillingane, med 300 stillingar (60 %). Det vart publisert 100 faste stillingar (20 %), mot 170 faste stillingar i 2023.

Svar frå bedriftene - Stillingsleppet

Dei største bransjane er restaurant og reiseliv (39 %), industri (32%) og helse og omsorg (16%).

65 % av arbeidsgjevarane svarte at dei er "svært" eller "ganske fornøgd" med gjennomføringa av Stillingsleppet 2024 (mot 65 % i 2023). 6 % er "ganske misfornøgd".

31 % av arbeidsgjevarane svarte bekreftande på spørsmål om deltaking i Stillingsleppet bidrog til tilsetjing av nye medarbeidarar.

75 % av arbeidsgjevarane opplyser at det er "svært sannsynleg" eller "ganske sannsynleg" at dei kjem til å delta i eit framtidig stillingslepp (mot 80 % i 2023).

Svar frå bedriftene – Læringsleppet

Dei største bransjane er industri (46%), restaurant og reiseliv (18%) og helse og omsorg (18%).

For læringsleppet er 66% av bedriftene "svært" eller ganske fornøgd". 0% er "ganske misfornøgd".

13% av bedriftene svarte bekreftande på spørsmål om deltaking av Læringsleppet bidrog til tilsetjing av nye lærlingar.

93 % av bedriftene opplyser at det er "svært sannsynleg" eller "ganske sannsynleg" at dei kjem til å delta i eit framtidig læringslepp.

Arbeidsgruppa for stillings- og læringsleppet/jobbmessen i 2024 var:


Stian Høglien	Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal
Camilla Coldevin	Lesja kommune
Steinar Tolf Jacobsen	Dovre kommune
Torfinn Stenersen	Sel kommune
Live Brimi	Vågå kommune
Åshild Myhre Amundsen	Lom kommune
Sølvi Lemstad Hiller	Skjåk kommune
Vibeke Bruun de Neergaard	Representant for 8 opplæringskontor
Bård-Atle Fuglum	Nord-Gudbrandsdal Vidaregåande skule
Arne Mæhlum	NAV
Jan Roger Bøe Øien	Karriere Innlandet Gudbrandsdal



Arbeidsgruppa, foto: Smelt Media



Frå jobbmesse, foto: Smelt Media



Frå direktesendinga, foto: Smelt Media

4.1.4. Styrka frivilligheit i Nord-Gudbrandsdal



Foto: Smelt Media

I 2023 blei det gjennomført eit forprosjekt for å finne ut kva for nokre konkrete tiltak som det skal jobbast med i eit pilotprosjekt. Dette er gjort etter ein nøye gjennomgang av kartlegging, Workshops og diskusjon i referansegruppen.

Formålet med forprosjektet var:

- Tenkje innovativt rundt organisering, utvikling og tilrettelegging av fritidstilbod for barn og unge i kommunar og lokalsamfunn med kraftig nedgang i fødselstal, som har som konsekvens små årskull, færre barn og unge og færre frivillige.
- Leggja grunnlaget for eit pilotprosjekt, der tiltak jobbet fram i forprosjektet, kan prøvast ut i praksis.

Gjennom perioden har vi sett på relevant forskning og innhentet erfaringar og døme på idear og tiltak gjennomført andre stader i landet, som gir oss eit godt grunnlag for å jobbe vidare i eit pilotprosjekt.

Med eit pilotprosjekt vil frivilligheita og dermed kommunane i regionen få eit sterkt fokus på:

- Samarbeid mellom frivillige lag og foreiningar og kommunen, herunder også friluftstiltak
- Digitale løysingar til hjelp for frivilligheten – synleggjering og marknadsføring
- Deltakelse for alle uansett økonomi

Eit pilotprosjekt og arbeid med tilhøyrande konkrete tiltak vil svara direkte på utfordringar som rammar brorparten av frivillige organisasjonar i regionen og bidra til konkret oppfølging av desse utan å tilleggjå kommuneadministrasjonane i regionen meir ansvar og fleire oppgåver. Med pilotprosjektet blir derimot fleire sentrale utfordringar løyst regionalt og i samarbeid mellom frivilligheit og pilotprosjektet, utan at kommunane blir belasta økonomisk ut over bidrag til drift av IPR.

Etter ein forankringsrunde hos alle 6 kommunene vart vi samde om å prioritera ein eller to pilotprosjekt i 2025/26.

Vi starta opp med eit pilotprosjekt høsten 2024 som har fått navnet "Aktivitet i Mellomrommet" (AIT) og vi prøver dette ut i Sel.

Hovudmålet er å utnytta mellomrommet mellom skoleslutt og fritidsaktivitetar med mål om å skapa fleire arenaer for aktivitet, meistring og tilhøyrse og at denne aktiviteten skal vera gratis.

Det er viktig for pilotprosjektet å finne løysningar for å jamna ut sosiale helse forskjellar. Aktivitetane skal vera varierte slik at elevane skal kjenna på og føla at dei finn ein aktivitet som passar for dei. I tillegg kan dette føra til at lag og foreiningar får rekruttert inn fleire til aktivitetane sine.

Pilotprosjektet skal vera eit tilskot for å forebyggja den fysiske og psykiske helsen til barna. Målgruppa er elevar i 5., 6. og 7. klasse ved Otta Skole. Talet på elevar i desse trinna for neste skuleår er totalt 150 stk.

Det blir søkt etter prosjektmidlar vår 2025 og håpar å ha dette og sponsorar klart til 1. mars. Vi vil køyra ei forankrings prosess fram til sommarferien og dette blir eit viktig arbeid for å få til eit vellykka pilotprosjekt. Vi samlar alle aktuelle lag og foreiningar til eit felles informasjonsmøte. Oppstart av prosjektet blir hausten 2025.



Smuksjøseter, Høvringen. Foto: Smelt Media

4.1.5. Fysisk Aktiv Læring

Målsetjing er å få til eit heilskapleg kompetansebasert system for dagleg aktivitet for alle i eit folkehelse- og pedagogisk perspektiv gjennomført av kompetent personal. Målgruppa er grunnskulane i regionen. Vi starta opp med eit pilot ved Loar og Nordberg skula i 2017. Vi har gjennomført kurs for lærarar ved Loar skula i 2016, Lalm og Vågåmo skule i 2022 og i 2024 var Tom Wergeland på Dovre skule og hadde opplæring. Heile skulen har vore med på desse kursa.

Lærarar frå regionen har vore på 3 studieturar til Sogndal og Høgskulen på Vestlandet. Skuleåret 2022/23 tok 3 lærarar ved Vågåmo skule ei desentralisert utdanning ved Senter for fysisk aktiv læring som svarte til 15 studiepoeng.

Fysisk Aktiv Læring er eit metodeval for læring. Heilskapeleg pedagogisk tilnærming som bidreg til ein meir variert, praktisk retta og fysisk aktiv skulekvardag. Motvekt til ein stillesitjande skulekvardag. Alle elevane skal oppleve dagleg, lystprega og variert fysisk aktivitet med eit fagleg innhald.

Kva oppnår vi med å starte opp med Fysisk Aktiv Læring:

- Betre føresetnad for eit aktivt liv – førebyggja livsstilsykdommer

- Nye meistringsområde som eleven tek med seg i klasserommet
- Bedre konsentrasjon i fag – viktig for elevars kognitive læring
- Førebyggja mobbing
- Sosialt samspel – jamnar ut sosiale ulikskapar
- Integrering av elevar frå andre land/kulturar
- Betre kvalitetsleik i friminutta
- For å få lærarar til å tenkja mest mogleg tilpassa undervisning
- Kultur for fysisk aktivitet – når alle – varig endring

Vi har ei regional gruppe for Fysisk Aktiv Læring med lærarar frå skulane i Lom, Vågå, Dovre og Lesja.



4.2. Ung i Nasjonalparkriket

Hovedmål for Ung i Nasjonalparkriket er å skape aktivitetar som er med på å auke attraktiviteten gjennom mellom anna å gjere det betre å bu, leva, arbeide og utdanne seg i Nord-Gudbrandsdal. Det er viktig å skape eit mangfald på trygge arenaer der ungdom kan vise sine kreative evner, få inspirasjon av andre og inspirere til innovasjon og gründerskapstanke.

Samarbeidspartnere er i hovudsak

- Ungdomsrådssekretærer/koordinatorer i kommunen
- Ungt Entreprenørskap Innlandet
- Ungdoms- og videregående skoler
- Privat næringsliv

Nord-Gudbrandsdal er den regionen som har størst folketalsnedgang, og det er viktig å ta ungdom inn i prosjekt som inspirerer til å bli aktive samfunnsdeltakere, tenkje nytt og skape verdiar. Viare er det viktig å støtte eksisterende ungdomstiltak i kommunane. Tiltaka skal vera i tråd med Innlandet fylkeskommune og

Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal sine strategiar.

Ung i Nasjonalparkriket prioriterer å støtte ungdomstiltak som er i tråd med Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal sine strategiar. Kommunane har fått moglegheit til å melde kva slags tiltak dei planlegg gjennom året, og må gje tilbakemelding med ein liten rapport fra gjennomføringa.

Med dette kan ungdomane få moglegheit til å vise sine kreative sider på trygge arenaer, og skape ein identitet som gjer dei stolte av kommuna og regionen sin.

"Ung i reiselivet"

"Ung i reiselivet" er eit prosjekt initiert og gjennomført av Nord-Gudbrandsdal Vidaregåande skule, Opplæringskontoret Brimi-kjøken, Opplæringskontoret Gudbrandsdalen, Interkommunalt politisk råd i Nord-Gudbrandsdal, Gudbrandsdalsmat, og lokale reiselivsbedrifter, til felles rekruttering til mat- og reiselivsbransjen. Alle mat- og helselærarar i Nord- og Midt- Gudbrandsdalen, samt destinasjonsselskapa Nasjonalparkriket Reiseliv, Visit Jotunheimen, og Visit Lillehammer deltek og samarbeidar i prosjektet.

Prosjektet rettar seg mot 9. klassingar frå 11 ungdomsskular i Nord- og Midt- Gudbrandsdal, med tilbod om ulike aktivitetar, der "Drømmedagen på Vianvang" med Arne Brimi er den største opplevinga for elevane. Der får dei

jobbe saman med Arne Brimi og kokkane hans, samt elevar som går mat- og reiselivsutdanning frå Nord- Gudbrandsdal vidaregåande skule. I mars 2023 var det med 32 elevar.



Foto: Mette Blankenborg

Ung Kultur Møtes (UKM)

UKM er eit interkommunalt samarbeid med eiga styringsgruppe, og som Ung i Nasjonalparkriket støtter med eit økonomisk bidrag. UKM 2024 gjekk av stabelen i Otta kulturhus 17.-19. februar.

Det var to seniormønstringar (13-21 år), og 1 juniormønstring (10-12 år).

UKM er ein arena av og med dei unge, så det vart hyra inn unge vaksne i alle ledd i produksjonen (prosjektleder, produsent, media, streaming).

4.2.1. Elevbedriftsmesse


Årets regionmesse/elevbedriftsmesse vart arrangert i Otta kulturhus og Nord-Gudbrandsdal videregående skole, avd. Otta den 19. april.

Det var rekordpåmelding med 27 elevbedrifter med til sammen 109 elever deltok på messa fra h.h.v. Dovre, Otta, Skjåk, Heidal og Vågå. Totalt 5 ulike juryar var satt saman av representantar fra det private næringsliv og kommunane, og dei vurderte bedriftene i 5 kategoriar

Det deles ut 1. og 2. premie innenfor disse kategoriene:

- Beste team
- Beste kundeoppleveling på stand
- Beste grønne entreprenør
- Nyskappingsprisen
- Beste elevbedrift

Tre elevbedrifter gjekk vidare til fylkesmessa på Hamar den 4. juni. Her vant dei fleire prisar, og Gudbrandsgull EB frå Otta ungdomsskule vart kåra til beste elevbedrifta i Innlandet.



Alle foto: Kristin Haave

4.2.2. Ungdomsmusikalen Nord-Gudbrandsdal

Ungdomsmusikalen prosjekt i 2024 vart ei konsertforestilling som vi kalla "OSS TE 1000". Sidan ungdomsmusikalen starta i 1998 har det vore med godt over 1000 ungdomar. Slagordet har vore "SAMAN ER VI GODE". Vi ville ha fokus på "OSS" i staden for "E". Med denne tanken i botn sette vi saman 22 låter frå alle våre tidlegare oppsetningar, og laga ei konsertforestilling med framføring 8. og 9. november i Otta kulturhus.

Ungdomsmusikalen har overlevd i 26 år. Det som starta som eit prosjekt i kulturskulen i Sel utvikla seg til å bli eit fyrtårn for ungdomsarbeid i Nord-Gudbrandsdal. Mange av ungdomane som har delteke har i mange år står på plakaten på dei store scenene i Norge og mange har teke utdanning i song, dans og musikk.

11 tidlegare deltakarar vart plukka ut til å være med i oppsetninga. Den eldste var med på fyrste oppsetninga som var HAIR i 1998 og den yngste på ROCK OF AGES i 2020 – ei oppsetning som vi ikkje fekk vist for publikum grunna nedstenging p.g.a. pandemien.



Foto: Ungdomsmusikalen

4.3. Medlemskap i nettverk

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal betaler deltaking i

- *Fjellnettverket*
- *Ungt Entreprenørskap*
- *HelseINN*

4.3.1. Fjellnettverket



Fjellnettverket er eit politisk nettverk for fjellområda i Sør- og Midt-Norge. Det er ikkje eit

eiga rettssubjekt. Fjellnettverket arbeider for levande og livskraftige bygder i fjellområda. Fjellnettverket er pådrivar for ein politikk som sikrar at ressursar og verdier i fjellområda gjev grunnlag for utvikling og trivsel i fjellbygdene.

4.3.2. Ungt Entreprenørskap

**UNGT
ENTRE
PRENØR
SKAP**

Ungt Entreprenørskap er ein ideell, landsomfattande organisasjon som saman med utdanningssystemet, næringslivet og andre aktørar arbeider for å utvikle barn og unge sin kreativitet, skaparglede og tru på seg sjølv. Organisasjonen er ein brubyggjar mellom skule og arbeidsliv.

Gjennom denne avtala ynskjer INNLANDET Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal og Ungt Entreprenørskap Innlandet å fremje kreativitet og entreprenørskap i skulen, samt knyte arbeidsliv og utdanning

tettare saman. Avtala skal ivaretakast gjennom eit samarbeid om gjennomføring av Ungt Entreprenørskap sine program i skulane i den enkelte kommune.

4.3.3. HelseINN

HelseINN

Helseinn er ei ideell foreining som består av partnarar fra offentleg, privat og frivillig sektor. Saman med kommunar, sjukehus, utdannings- og forskingsinstitusjonar, bedrifter og

friviljuge organisasjonar arbeider dei saman for betre folkehelse og meir berekraftige helsetenester i Innlandet.

HelseINN tilbyr kurs og kompetanseheving innan innovasjon og tenesteutvikling, og støttar partnarane sin innsats for å styrke det lokale og regionale folkehelsearbeidet ved å:

- Fremje tverrsektorielt samarbeid og helsefremjande lokalsamfunn
- Sette fokus på aktuelle folkehelseutfordringar i Innlandet
- Bruke FN sine berekraftsmål som grunnlag for arbeidet

5. Regionalt samarbeid

5.1. Administrative samarbeidsorgan

Det er mange viktige tannhjul i det regionale samarbeidet. I vår region er det tett samarbeid på administrativt nivå mellom kommunane. Desse 6K-samarbeidene er premissleverandørar for mange av dei samarbeidsløysingane som blir etablert, og dei er viktige i evalueringa av etablerte samarbeid. Forane er ikkje vedtaksorgan.

Ein stor del av sakene som kjem til politisk behandling både i regionråd og kommunestyre i norddalen har vore drøfta i eit interkommunalt administrativt samarbeidsorgan. Leder i kommunedirektørutvalet deltek i møtene i IPR og arbeidsutvalet. Dagleg leiar deltek i kommunedirektørutvalet og i 6KNæring.

Av interkommunale administrative samarbeidsorgan som er mest relevante for IPR har vi:

- Kommunedirektørforum
- 6K Helse
- 6K Næring
- 6K Oppvekst
- 6K Økonomi
- 6K Anskaffelse



Foto: Interkommunalt politisk råd

5.2. INSAM

Forvaltingsrevisjonen av NGLMS i 2022 viste at det var svakheiter i systematikk og rutiner for rapportering, samhandling og utvikling av dette vertskommunesamarbeidet. Rapporten peikte på at både vertskommunane og samarbeidskommunane måtte betre sine bidrag skulle ein få ønska effekt av samarbeidet og ressursinnsatsen. I det regionale politiske og administrative samarbeidet var det ei erkjenning av at desse svakheitene ikkje berre gjaldt helsesamarbeidet, men og dei andre vertskommunesamarbeida.

Representantskapet i IPR ba difor i desember 2022 kommunedirektørane utarbeide forslag til ei handbok for interkommunale samarbeid om tenesteproduksjon etter modell av tilsvarande samarbeid i Gjøvik-regionen. Arbeidet fekk sekretærstøtte frå regionkontoret gjennom prosjektet Universitetsregion Nord-Gudbrandsdalen.

Handboka skulle omtale rutiner for samhandling om eksisterande samarbeid og prosedyrer for vidare utvikling av eksisterande og nye interkommunale samarbeid. Saken skulle i tillegg inkludere ei viljeserklæring som konkretiserte kommunane sine rettar og ansvar. Felles for handboka og viljeserklæringa var at ein ynskte å vidareutvikle og forsterke interkommunalt samarbeid i regionen.

Representantskapet slutta seg i september 2023 til kommunedirektørane sitt forslag til Handbok og viljeserklæring for interkommunalt samarbeid, forkorta INSAM. Fram til nyttår ga dei 6 kommunestyra si tilslutning.

Handboka inneheld eit årshjul for kvartalsvise møter der kommunedirektørane handsamar rapportar frå vertskommunane og innspel og spørsmål frå samarbeidskommunane. Møtene skal i tillegg vere ei plattform drøfting av forslag til vidareutvikling av dei ulike samarbeida. Kommunedirektørane avgjer kva medarbeidarar dei inviterer med i møtene frå eigen organisasjon.

Kommunedirektørane fasa inn desse "INSAM-møtene" frå og med 2. kvartal 2023, som ei forsøksordning før handboka var vedteke i representantskapet og kommunestyra. Frå 2. kvartal 2023 har det kvart kvartal vore gjennomført digitale INSAM-møter koordinert av regionkontoret og med leiaren for kommunaldirektørane som ordstyrar. Møtene har ei tidsramme på inntil 3 timar med fast dagsorden der ein systematisk går igjennom dei ulike vertskommunesamarbeida – NGLMS, Felles barnevernsvakt, Regional gjeldsavgjeving, Regional pedagogisk-psykologisk teneste, Regionalt innkjøpssamarbeid og Personvernombod.

Erfaringane så langt er gode. Ein har oppnådd den systematikken i rapportering og samhandlinga som har vore etterspurd og som var det viktigaste føremålet med handboka. Dette har trygga både vertskommunane og samarbeidskommunane. Samarbeidskommunane har fått eit djupare innsyn i tenesteproduksjonen hos vertskommunane. Vertskommunane er fått større moglegheit til å informere og involvere samarbeidskommunane, samstundes som dei får meir systematisk attendemelding. Tidlegare har desse attendemeldingane vore fragmenterte og forårsaka frustrasjon hos baa partane.

Frå 2025 vil det vere innovasjonsrådgjevaren på regionkontoret som ivaretek sekretærfunksjonen i INSAM.

5.3. Interkommunalt samarbeid

Samarbeidstiltak	IPR	Dovre	Lesja	Lom	Sel	Skjåk	Vågå	Organisert	Merknad
Regionrådet								§ 18	Eget rettssubjekt
RegionData								§ 27	Eget styre
Gudbrandsdalsmusea AS								AS	Nord- og Midtdalen
Attraktivitet									Tilflytting og ungdom
UKM-Ung Kultur Møtes								Samarbeid	
Sekretariat for kontrollutvalga i Nord-Gudbrandsdalen								§ 27	Eget styre, eget rettssubjekt
Innlandet Revisjon								IKS	
NGR - Interkommunalt renovasjonsselskap								IKS	
Felles innkjøpskontor								Vertskommune	Vågå
NGLMS - herunder:								Vertskommune	Sel
Felles legevaktvarsling og alarmtjenester								Vertskommune	Sel
Regional legevakt								Vertskommune	Sel
Sengeavdeling med KAD og intermedieære senger								Vertskommune	Sel
Felles jordmorbvakt								Vertskommune	Sel
Hjelpepersonell spesialister								Vertskommune	Sel
Kreftkoordinator								Prosjekt	Sel og Vågå
FACT								Samarbeid	Nav, DPS Lhmr
Helseregion								Partnerskap	SI
Karriere Innlandet Gudbrandsdal								Innlandet fylke	Nord- og Midtdalen
6 K: Helse, Oppvekst, Næring, Personal/økonomi, Landbruk								Samarbeid	Drøftingsorgan
Kommunedirektørnettverket								Samarbeid	Drøftingsorgan
Fjellnettverket, Ungt Entreprenørskap, HelseINN								Medlemskap	Regionrådet
Nasjonalparkkommuner og Nasjonalparklandsbyer								Forening	Norsk Fjellmuseum
NAV - Gjeldsrådgivning								Vertskommune	Sel
NAV - regional modell								Partnerskap	
Geodatasamarbeid - NGGIS								Vertskommune	Sel
PPT NG								Vertskommune	Sel
Nasjonalparkriket Reiseliv AS								AS	Samarbeidsavtaler
Eidefoss AS								AS	
Tilsyn i byggesaker								Vertskommune	Vågå (slutta 01.04)
IKA Opplandene								Oppgavefelleskap	
Gudbrandsdal Krisesenter IKS								IKS	Lillehammer
GDPR								Vertskommune	§20-2 Lesja
Kulturskole								Vertskommune	Dovre
Kulturskole								Vertskommune	Skjåk
Barneverntjenesten								Vertskommune	Sel
Barneverntjenesten								Vertskommune	Lesja
Felles barnevernsvakt								Vertskommune	Sel
Brannvern								Vertskommune	Dovre
Brannvern								Midlert. avtale	Vågå og Sel
Brannvern								Vertskommune	Skjåk
Felles landbrukskontor								Vertskommune	Lesja
Felles landbrukskontor								Vertskommune	Skjåk
Felles landbrukskontor								Vertskommune	Vågå
Skogbrukssjef								samarbeid	Lesja
Skogbrukssjef								Samarbeid	Vågå
IT-tjenester								Vertskommune	Skjåk
Psykolog								Vertskommune	Lom
Psykolog								Vertskommune	Dovre
Psykiatritjeneste								Vertskommune	Lom
Felles kulturkalender								Samarbeid	
Jora Miljøstasjon								Vertskommune	Dovre
Feiervesen								Vertskommune	Dovre

6. Økonomiske nøkkeltall

6.1. Økonomi og bemanning

Regionkontoret er det politiske sekretariatet for Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal (IPR Nord-Gudbrandsdal). Sekretariatet driftar IPR Nord-Gudbrandsdal sine ordinære arbeidsoppgåver og dei prosjekta som til kvar tid blir gjennomført i regi av IPR Nord-Gudbrandsdal. IPR Nord-Gudbrandsdal er òg eit bindeledd i partnerskapet mellom Innlandet fylkeskommune og kommunane i regionen.

Driftstilskudd frå kommunane 2024 - etter folketal					
Kommune	Lik del	Folketal	%- andel	Etter folketal	Sum
Lom kommune	175 000	2 220	12,33	129 596	304 596
Vågå kommune	175 000	3 546	19,70	209 438	384 438
Sel kommune	175 000	5 621	31,23	324 167	499 167
Dovre kommune	175 000	2 487	13,82	144 640	319 640
Lesja kommune	175 000	1 971	10,95	116 192	291 192
Skjåk kommune	175 000	2 154	11,97	125 967	300 967
Kontrollsummer	1 050 000	17 999	100,00	1 050 000	2 100 000

Budsjett partnerskapsfondet I tillegg legg Innlandet fylkeskommune inn kr 2,5 mill.					
	Lik del	Folketal	%-andel	Etter folketal	Sum
Lom kommune	83 333	2 220	12,33	61 713	145 046
Vågå kommune	83 333	3 546	19,70	99 732	183 066
Sel kommune	83 333	5 621	31,23	154 365	237 698
Dovre kommune	83 333	2 487	13,82	68 876	152 209
Lesja kommune	83 333	1 971	10,95	55 329	138 663
Skjåk kommune	83 333	2 154	11,97	59 984	143 318
	500 000	17 999	100,00	500 000	1 000 000


Bemanning		
Navn	Stillingsstrl.	Kommentar
Frode Damstuen	100 %	Dagleg leiar fram til 01.07.
Ivar Vistekleiven	100 %	Dagleg leiar frå 01.09.
Stian Høglien	100 %	Regionkonsulent
Kristin Haave	80 %	Regionkonsulent / Konstituert dagleg leiar 01.07. – 31.08.
Dag Erik Pryhn		På timebasis etter 01.08.
Marita Aaheim	100 %	Prosjektleiar engasjement
Harald Sve Bjørndal		Regionrådsleiar

6.2. Partnerskapsmidler

Prosjekt	Beskrivelse	Beløp
PF 1/24	Innovasjonsverksted	200 000
PF 2/24	Videre satsing på innovasjon	250 000
PF 3/24	Styrk Sel - omstillingsprogrammet i Sel	100 000
PF 4/24	Gudbrandsdalstinget	150 000
PF 5/24	Politisk interessearbeid	150 000
PF 6/24	Rekrutteringsarbeid i regionadministrasjonen	250 000
PF 7/24	Attraktivitet, arbeid og bustad	450 000
PF 8/24	Styrka frivillighet i Nord-Gudbrandsdal, pilotprosjekt	250 000
PF 9/24	Kjøp av tjenester til profilering	180 000
PF 10/24	Ung i Nasjonalparkriket	270 000
PF 11/24	Økonomisk støtte til prioriterte arrangement	600 000
PF 12/24	Medlemskap i nettverk	150 000
PF 13/24	Lønnstilskudd daglig leder	500 000
	INNVILGA 2024	3 500 000



Fra Bakke Stålprodukter, Vågå.
og Dombås Bohemian Tattoo.
Begge foto: Smelt Media.



7. Råd og utval

7.1. Representantskapet 2024 - 2027

Kommune	Navn medlem		Varamedlem	Parti
SEL				
	Eldri Siem	SP	Erling Lusæter	SP
			Semon Harerusten	SP
	Kjetil Eide	SP	Rosoll Ali	SP
			Pål Kristian Moen	SP
	Monica Håskjold Eide	AP	Lars Blekastad	SV
			Marius Bismo	AP
LOM				
	Kristian Frisvold	BL	Bjørn Ola Aukrust	AP
	Mari Synnøve Steinehaugen	BL	Sigrun Garmo	AP
	Kjell Brandsar	LL	Ragnhild Sjugard	SP
VÅGÅ				
	Harald Sve Bjørndal	BL	Karola Wenzel	BL
	Aasta Røhr	SP	Marius Michael Haugaløkken	SP
	Gjermund Øihusom	AP	Björg Aaseng Vole	AP
DOVRE				
	Magne Vorkinn	SP	Fred Arne Hessen	H
	Marthe Lyngstad Brenden	SP	Arnfinn Ruset	SP
	Jo Halgunset	AP	Ida Amble Ruge	AP
SKJÅK				
	Edel Kveen	SP	Roger Haugen	SP
	Kristen Haugen Dagsgard	SP	Mogunn Synstnes	SP
	Morten Kielland	BL	Bernt Dahl	BL
LESJA				
	Mariann Skotte	SP	Ellen Sørumgård Syse	SP
	Audun Holsbrekken	H	Erling Lyftingsmo	SP
	Emil Nørstebø	AP	Gry Sletta	AP
Innlandet fylkeskommune				
	Vegard Riseng	H		
	Oluf Maurud	KRF		
	Åge Solheim	Adm		
Kommunedirektørnettverk				
	Odd Erik Sveen	Leder	Kommunedirektør Vågå kommune	
	Kristin Rønn Gårderløkken	Vara	Kommunedirektør Sel kommune	

7.2. Regionstyret

Medlem	Varamedlem	Kommune
Harald Sve Bjørndal, leiar	Aasta Røhr	Vågå
Mariann Skotte, nestleiar	Audun Holsbrekken	Lesja
Magne Vorkinn	Marthe Lyngstad Brenden	Dovre
Eldri Siem	Kjetil Eide	Sel
Edel Kveen	Kristen Haugen Dagsgard	Skjåk
Kristian Frisvold	Bjørn Ola Aukrust	Lom




Foto: Smelt Media



Dovre
kommune



Lesja
kommune



Lom
kommune



Sel
kommune



Skjåk
kommune



Vågå
kommune



Innlandet
fylkeskommune



**Interkommunalt
politisk råd**

Nord-Gudbrandsdal

SKJÅK LOM VÅGÅ SEL DOVRE LESJA

Skansen 7, 2670 Otta
www.nordgudbrandsdal.no